



Fjell kommune
Postboks 184
5342 STRAUME

Dato: 12.02.2015
Vår ref.: 2014/15306-21
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Vedrørende motsegn til kommuneplanens arealdel og Fjell kommune

Hordaland fylkeskommune viser til vår fråsegn til Fjell kommune sin kommuneplan, arealdelen, i brev datert 27.10.14. Fylkeskommunen har fremja fleire motsegns punkt til kommuneplanen på grunnlag av konflikt med kulturminne, samordna areal og transport, friluftsliv og strandsone. Motsegna var drøfta i møte med kommunen den 08.12.14.

Hordaland fylkeskommune har i etterkant av møtet følgjande innspel til kommuneplanens arealdel:

Kulturminne:

Konflikt med automatisk freda kulturminne er motsegns punkt i fråsegna til Hordaland Fylkeskommune. To av motsegns punkta har bakgrunn i konflikt med automatisk freda kulturminne. I møtet den 08.12.14 etterspurde kommunen tekst til føresegner og retningslinjer for ivaretaking av kulturminneinteressene omfatta av motsegns punkta. Vi har følgjande innspel til føresegner for LNF-spreidd areal med høve for spreidd bustadbygging, og retningslinjer til omsynssone c på Vindeneskvarven:

Føresegner til LNF - spreidd bustadbygging (del 5, pkt. 3 i føresegnene)

Gjeld areal på Syltøy (innspel 280b) og Turøy (innspel 98c-d):

Areal for LNF-spreidd busetnad på Syltøy og Turøy har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, særleg steinalderbuplassar. Søknad om tiltak i areal utanfor tunet (dvs. meir enn 25 m frå bustadhús) i desse områda skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser (KML §9).

Vindeneskvarven

Det må leggast ei omsynssone c for vern av kulturmiljø på Vindeneskvarven (SOSI-kode H570) med same utstrekning som gjennomføringssone H810-74. Til omsynssona må det knytast følgjande retningslinjer:

I omsynssona er det kjent 30 automatisk freda kulturminne frå steinalder til mellomalder. Vindeneskvarven er eit kulturmiljø med stor tidsdjupne og med høg nasjonal kulturminneverdi. Det er potensiale for ytterlegare funn av automatisk freda kulturminne i området. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som er egna til å forringje kulturminne- og landskapsverdiane i området. Alle tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering, jf. KML §§ 3, 8, 9, PBL § 11-8, bokstav c.

Ein kan gjerne oppretthalde omsynssone c H530-68 slik den er avgrensa i høyringsframlegget. Ein må i så fall inkludere følgjande i retningslinene del 7, pkt 4f (ny tekst uthøva):

Tilrettelegging for friluftsliv og landbruk i samsvar med arealformålet kan tillatast innanfor sonene dersom viktige økologiske funksjonar vert oppretthaldne. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak eller tilrettelegging som forringar kulturminne- og landskapsverdiane i omsynssona. Alle tiltak i

omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering, jf. KML §§ 3, 8, 9, PBL § 11-8, bokstav c.

Samordna areal og transport, friluftsliv og strandsone

Konflikt med samordna areal og transport, friluftsliv og strandsone er motsegnspunkt i fråsegna til Hordaland Fylkeskommune. Motsegna vart drøfta i møtet den 08.12.14. Kommunen skulle ta med innspela vidare til planutvalet gje tilbakemelding til Hordaland Fylkeskommune. Vi kan ikkje sjå at vi har fått noko tilbakemelding angåande dette og avvendar difor eventuelle innspel til dette ligg føre.

Marit Rødseth
plansjef

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandsamar:

Hanne Kathrin Vie, Regionalavdelinga, Planseksjonen
Heidi Handeland, Kultur og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum